

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Sjukehusapoteka Vest HF
DATO: 24.09.2019
FRÅ: Administrerende direktør Jon Bolstad
SAKSHANDSAMAR: HR- og org. direktør Berit Beate Berntsen

SAKA GJELD: Revidert rettleiar for styrearbeid i helseføretak

ARKIVSAK:
STYRESAK: 025/19

STYREMØTE: 01.10.2019

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek revidert rettleiar for styrearbeid i helseføretak til vitande.

Oppsummering

Ein revidert rettleiar for styrearbeid i helseføretak vart godkjent i Styret i Helse Vest 05.09.19, sak 087/19. Gjeldande rettleiar blei utarbeidd i 2011 og har sidan då ikkje blitt revidert/oppdatert. Helse- og omsorgsdepartementet har i mellomtida revidert sin rettleiar for styrearbeid i regionale helseføretak.

Fakta

Føregåande rettleiar med tittelen «*Styrearbeid i helseføretak - God rolleforståing og god rolleutøving*» er ikkje blitt revidert/oppdatert sidan den blei førelagd styret i Helse Vest i styresak 127/11 og i SAV Styre 15. desember 2011, Styresak 087/11.

Revidert rettleiar, som er gitt tittelen *Rettleiar for styrearbeid i helseføretak*, byggjer på den reviderte rettleiaren frå Helse- og omsorgsdepartementet, men innhaldet er tilpassa styrearbeid i helseføretaka. Rettleiaren gir ei kort orientering om styrearbeid i helseføretak, og er meint å bidra til rolleforståing og rolleutøvinga til styra. Rettleiaren samanfatar gjeldande rettsreglar og gitte styringskrav og inneheld ein omtale av styrearbeid som er av meir rettleiande karakter.

Kommentarar

Den reviderte rettleiaren er lagt tett opp til innhaldet i rettleiaren utarbeida av departementet. Samstundes er det tatt omsyn til at rettleiaren gjeld styrearbeid i helseføretak. Vidare er det innarbeidd noko meir innhald knytt til eigenoppgåvene til styret i kapittel 4.4, mellom anna når det gjeld bruken av styreseminar som møteform.

I samband med utarbeiding av forslag til revidert rettleiar vurderte Styret i Helse Vest RHF at det er føremålstenleg å foreta ein grundigare gjennomgang av styreinstruksen for Helse Vest RHF, jf. også styresak i HV RHF 24/19. Slik styreinstruksen ligg føre i dag gjentek denne mykje informasjon frå lovtekst, vedtekter og rettleiar for styrearbeid i regionale helseføretak. Forslag til revidert styreinstruks vil bli førelagt styret i Sjukehusapoteka Vest etter handsaming i styret i Helse Vest.

Vedlegg

Revidert rettleiar for styrearbeid i helseføretak

